Kjære 2-3 klassing med føresette

Bli med på Tårnagenthelg

<u>Laurdag og søndag 30. og 31.januar 2021</u>

inviterer vi deg til å vere
Tårnagent i Jondal kyrkje

laurdag kl.09.30-12.30
søndag kl.10.00- ca.12.30

Jondal kyrkjelyd inviterer denne helga alle 2-3 klassingar i soknet til å vera Tårnagentar i kyrkja. Her kan du utforska kyrkja, Bibelen, tårnet og klokkene. Agentane vil gjennom desse dagane måtte løysa oppdrag og mysterium, du vil få ein eigen agentkode og på søndagen vil alle som kjem til kyrkja får vita kva agentane har funne ut.

Alle agentane bur heime, men vil vere saman både laurdag og sundag. Agentane møtest i kyrkja **<u>laurdag 1.februar kl 09:30. Vi held på til kl 12:30</u>**. Søndag treffest vi igjen kl 10:00 og held på til ca kl 12:30. Foreldre, søsken og vener vert inviterte til gudstenesta som sjølvsagt er ei Tårnagentgudsteneste.

Kyrkjetårn, symboljakt eller oppdrag og mysterium
Har du lyst å gå på symboljakt i kyrkja? Lurer du på kva slags mysterium du finn i bibelen? Likar du agentmat? Veit du at det står noko utanpå kyrkjeklokkene i tårnet? Over heile landet vil det vera agentar i mange kyrkjer. Kanskje blir vi 10 000 Tårnagentar til saman. Vi vonar at du har lyst å vera ein av dei! Ta gjerne med ei lommelykt. **Det kostar kr 100,- å delta.**

Englevakter
Til dykk føresette; Ei Englevakt er ei/ein som er med 1-2 timar denne helga, følgjer borna opp i kyrkjetårnet, hjelper til med maten, går saman med dei på symboljakt m.m. Har du høve til å vere med som englevakt?

Påmelding
Påmelding for barn og Englevakter skjer **innan tysdag 26. januar** (sendast til anne.karin.stormyr@ullensvang.kyrkjer.no).
Nytt telefonnummer til kyrkjeleg adminstrasjon er 53650900

Passord
Det hemmelege passordet til tårnagentane er ”Leit og finn”.

Informasjon ved påmelding:

Namn på agent: _____

Adresse: _____

Spesielle ting me bør vita (allergiar m.m.): _____

Me gjev løyve til at bilete av barnet vert lagt ut på heimesida til kyrkja i Jondal/ evt. avis, utan etternamn, alder eller andre personlege opplysingar: **JA / NEI**

Namn føresett 1: _____

Mobil: _____

E-post: _____

Kan vere englevakt: **JA / NEI**

Namn føresett 2: _____

Mobil: _____

E-post: _____

Kan være englevakt: **JA / NEI**

Les meir på den hemmelege nettstaden til Tårnagentane www.tarnagentene.no.

Helsing - fullt hemmeleg - frå oss i Jondal kyrkjelyd,

Namn på hovudleiar:
Anne Karin
E-post: anne.karin.stormyr@ullensvang.kyrkjer.no
Telefon: 913 94 982